



KYSTVERKET

Vest

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2012/859-8

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Turid Susort Jansen

Dato:
05.01.2018


Uttale til endringssøknad tilknytning Offerdal kraftverk. Årdal kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Syner til brev datert 8.12.2017 om ovannemnde.

Offerdal kraftverk søker nå om å legge sjøkabel mellom Naddevik og Indre Offerdal i Årdal kommune. Sjøkabelen vert omlag 5 km og kryssar Årdalsfjorden, etter alternativ K3.

Omsøkt sjøkabel vil krysse hovudleia «1110-Holmengrå-Årdalstangen» som går inn Årdalsfjorden til Årdalstangen. Hovud- og bilei er det geografiske området som fastsett grensene for dei områda kor departementet har forvaltningsansvar og mynde etter hamn- og farvasslova. Tiltaket går inn i ei hovudlei og må difor handsamast av Kystverket etter Lov om havner og farvann av 17. april 2009, §27 andre ledd: «Tiltak som nevnt i første ledd som skal settes i verk i hovedled eller bileid eller for øvrig utenfor kommunens sjøområde, krever i stedet tillatelse fra departementet. Det samme gjelder tiltak som skal settes i verk innenfor kommunens sjøområde, men som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i hovedled eller bileid».

Hovedleia synast som grønt område i bilete nedanfor:



Alternativ K3 følgjer omlag same trase som eksisterande sjøkabel mellom Naddevik og Offerdal, noko som Kystverket ser positivt på. Vi presiserer samstundes at denne uttalen ikkje er eit vedtak etter hamne- og farvasslova.

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Turid Susort Jansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Offerdal Kraftverk AS Røysavegen 1 6893 VIK I SOGN